

VEGEN MOT EIN NY KOMMUNE



Vedteken av kommunestyret 10.12.14, sak 095/14

Bakgrunn

I samband med handsaming av kommuneproposisjonen våren 2014 vedtok Stortinget at det skal gjennomførast ei kommunereform.

Stortinget har slutta seg til følgjande overordna mål for reforma:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Eit fleirtal i kommunal- og forvaltningskomiteen understreka "at det er eit utredningsansvar for alle kommunar". Kommunalministeren har i brev til kommunane forklart at dette inneber at alle kommunar skal gå gjennom prosessen med å diskutere og vurdere samanslåing, og at prosessen blir avslutta med eit kommunestyrevedtak seinast våren 2016.

Kommunalministeren underskrekar at dei beste løysingane blir oppnådd gjennom gode lokale prosessar. Kommunal- og moderiseringsdepartementet har utarbeidd ein rettleiar for utgreiing og prosess. Denne rettleiaren ligg til grunn for denne lokale prosjektbeskrivinga.

Organisering

Det vil vere naturleg å organisere arbeidet med kommunereforma som eit prosjekt. Eit prosjekt er definert som ei oppgåve med eit klart mandat og med tydelege start- og slutt punkt.

Prosjektorganisering:

Prosjekteigar	Kommunestyret
Styringsgruppe	Formannskapet
Prosjektleder	Rådmannen
Referansegruppe	Arbeidstakarorganisasjonane

Det vil vere naturleg å sette ned ulike arbeidsgrupper knytt til ulike tematikk. Konkret kva for arbeidsgrupper dette skal vere må prosjektleder og styringsgruppe vurdere fortløpande.

Innbyggjarane si rolle er nærmare omtalt i avsnittet "informasjon og medverknad" nedafor.

Mandatet

Hovudmål:

- Prosjektet skal gi kommunestyret eit grunnlag for å fatte vedtak om framtidig kommunestruktur.

Arbeidet skal ta utgangspunkt i Kommunal- og regionaldepartementet sin rettleiar for utgreiing og prosess.

Delmål:

- Kartlegge nåsituasjonen (styrker, svakheiter, truslar og mogelegheiter)
- Avklare fordelar og ulemper ved å stå aleine/slå seg saman
- Avklare og utgreie aktuelle alternativ
- Avklare involvering av innbyggjarar

Framdriftsplan

Kommunalministeren legg opp til to alternative framdriftsplanar;

Pulje 1: Kommunestyrevedtak hausten 2015 - ny kommune frå 01.01.2018

Pulje 2: Kommunestyrevedtak våren 2016 - ny kommune frå 01.01.2020

Kommunalministeren reknar med at dei fleste kommunane vil vere i pulje 2.

Det vil vere viktig å vite kva for oppgåver kommunane vil få ansvar for i framtida og korleis det nye inntektssystemet vil sjå ut før kommunestyret gjer endeleg vedtak. Stortinget vil handsame proposisjon om nye oppgåver våren 2015 og nytt inntektssystem er varsla i løpet av Stortingsperioden.

Hjartdal kommune ligg geografisk i eit område der ein kan sjå føre seg fleire alternativ til ein ny kommunestruktur. Det er fleire av nabokommunane våre som har signalisert at dei vil vurdere ulike alternativ.

På grunnlag av momenta ovafor legg kommunestyret opp til ein lokal framdriftsplan som inneber kommunestyrevedtak våren 2016.

Fase	Periode	Tema
Analyse av dagens situasjon	1. tertial 2015	Styrker og svakheiter Truslar og mogelegheiter Utviklingstrekk Aktuelle partnarar
Vurdering av alternativ	2. tertial 2015 - 1. tertial 2016	Nye oppgåver til kommunane Vurdering av kriteria Mogelegheitsbilete Vurdering av alternativ Sondering/drøfting/forhandling
Konklusjon	1. halvår 2016	Formell høyring Oppsummering Intensjonsavtale Tilråding Endeleg vedtak

Dersom det er nabokommunar som ligg an til å gjere vedtak i 2015 om ein ny kommuneinndeling som Hjartdal ønskjer å vere ein del av, kan det bli nødvendig å endre framdriftsplanen.

Informasjon og medverknad

Inndelingslova seier at kommunestyret bør innhente innbyggjarane sine synspunkt i samband med endring av kommunegrensene. For å sikre ein god lokal prosess er informasjon til og medverknad frå innbyggjarane av avgjerande tyding. Kommunestyret er likevel ikkje bundne av det synet fleirtalet av innbyggjarane gir uttrykk for.

Det er viktig å finne fram til modellar som gjer at alle får kome fram med sitt syn. Det inneber at det må vere fleire ulike former for medverknad. Val av høyringsmetode kan ha effekt på avgjerdsprosessen. Val av høyringsmetode er derfor viktig. Høyringsmetode(n)e som blir vald må bidra til:

- å fremme representativ informasjon
- å skape dialog
- at synspunkta til innbyggjarane bygger på kunnskap og innsikt
- å avklare styrken i synspunkta og kva for argument som er utslagsgivande

Eksempel på høyringsmetodar er:

- Folkemøte og dialogmøte
- Folkeavstemming
- Spørjeundersøkingar
- Utvida folkehøyring
- Fokusgruppe
- Høyring
- Referansegrupper og innbyggjarpanel

Alle metodane har sine styrker og svakheiter. Det kan vere fornuftig å finne fram til ein kombinasjon av høyringsmetodar i ulike fasar av prosjektet.

For at innbyggjarane kan meine noko om framtidig kommunestruktur er det nødvendig med kunnskap og innsikt. Informasjon til innbyggjarane er derfor viktig gjennom heile prosjektet.

Informasjon kan bli gitt på ulikt vis:

- Informasjonsmøte
- Kommunal internettside
- Kommunal facebookside (gir mogelegheit for dialog)
- Flygeblad
- Medieomtale

Det er viktig å velje informasjonskanalar som når flest mogeleg. Fylkesmannen har signalisert bistand til kommunane i utarbeiding av planar for informasjon og medverknad.

Ressursbruk

Det er i økonomiplanen for 2015-2018 ikkje sett av særskilte midlar til gjennomføring av kommunereforma.

Kommunen vil få kr 100.000,- i støtte til informasjon og innbyggjarhøyring. Tilskotet vil bli utbetalt etter at kommunen har vore gjennom faktainnsamling, fatta vedtak om samanslåingsalternativ og korleis innbyggjarane skal bli høyrte. Kostnadar ut over dette må dekkjast innafør vedtekne budsjetttrammer. Det blir oppretta eige prosjektrekneskap.

Arbeidsomfanget av prosjektet kan bli omfattande. Det er ikkje rom for frikjøp av prosjektleiing, slik at prosjektet må tilpassast til dei ressursane som er tilgjengeleg i kommuneadministrasjonen. Det inneber at ein må akseptere at prosjektet ikkje kan velje ideelle prosessar i alle samanhengar.